



Til lærebedrifter og opplæringskontor

Dato: 21.05.2019  
Vår ref.: 2019/11772-1  
Saksbehandlar: irebryn  
Dykkar ref.:

## Oppmelding til fag-/ sveine- og kompetanseprøver via Vigo Bedrift

Det er viktig at dette skrivet kjem fram til vedkomande i bedrifta som er ansvarleg for oppmelding til fag- / sveine- og kompetanseprøver for lærlingar og lærekandidatar

Fagopplæringskontoret endrar rutine for oppmelding til fag-/ sveine- og kompetanseprøver. Det vil heretter ikkje bli sendt ut preutfylte oppmeldingsskjema på papir til bedriftar som skal melde opp sine kandidatar til prøver. Bedriftane skal no melde opp sine kandidatar via Vigo Bedrift.

Dersom bedrifta ikkje bruker Vigo Bedrift, må dei skrive ut oppmeldingsskjema frå nettsida [https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/opplaring-i-bedrift/oppmelding\\_til\\_fagprove\\_hordaland.pdf](https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/opplaring-i-bedrift/oppmelding_til_fagprove_hordaland.pdf) og sende det til fagopplæringskontoret pr. post.

### Tid for prøveavvikling

Jf. forskrift til opplæringslova § 3-48 skal prøvane som hovudregel haldast før utløpet av læretida, men ikkje tidlegare enn tre månader før læretida er over.

### Frist for oppmelding

For at det ikkje skal bli forseinking i gjennomføring av fagprøver, er det naudsynt at bedrifta melder opp kandidatane til fag- og sveineprøver seinast 6 månader før utløp av læretida. Bedrifta er ansvarleg for at lærlingar og lærekandidatar blir meldt opp innan fristen.

### Lære- og opplæringskontaktar som blir avslutta hausten 2019

Det vil bli ei «forseinking» i oppmeldingar for dei neste månadene. Fagopplæringskontoret har tidlegare sendt ut preutfylte oppmeldingsskjema for lærlingar med utløpsdato for læretida tom. 31.08.2019. For bedriftar som har kandidatar med kontrakt som har sluttdato mellom 01.09.2019-01.12.2019, ber vi om at kandidatane meldes opp i Vigo Bedrift snarast, og innan 07.06.2019.

### Særskilt tilrettelagt prøve

Dersom lærlingen har særleg behov for det, kan fylkeskommunen samtykke til at den praktiske gjennomføringa av fag-/sveineprøva blir særskilt tilrettelagt. Jfr. forskriftene til opplæringslova § 3-61.

Søknad som beskriver kva tilrettelegging det søkjast om og uttale frå sakkunnig instans må sendast fagopplæringskontoret samstundes med at bedrifta melder kandidaten opp til prøve. Det er ikkje nok bare med sakkunnig uttale. Lærlingen må søke og oppgi kva tilrettelegging han/ho søker om.

Søknadsskjema finn de på <https://www.hordaland.no/globalassets/for-hfk/utdanning2/opplaring-i-bedrift/skjema/soknad-om-sarskild-tilrettelegging-av-fagprove-2016.pdf>

**Teorikrav, jfr. forskrift til opplæringslova § 3-50**

«Før fag- eller sveineprøva kan gjennomførast, skal lærlingen eller eleven som hovudregel ha bestått alle fag og eksamenar som er fastsette i fag- og timefordelinga for utdanningsprogrammet.»

Lærlingar og elevar som har følgd opplæringa, men ikkje har bestått i inntil to av fellesfaga, kan likevel få framstille seg til fag- eller sveineprøva.

Fagopplæringskontoret kan i heilt spesielle høve, etter søknad, gi unntak frå kravet om bestått teori i inntil to fellesfag, jf. forskrift til opplæringslova § 3-44a. Dersom det ikkje ligg føre vedtak etter § 3-44a, må desse lærlingane bestå faga innan to år etter at prøve er halden for å få skrive ut fagbrev eller sveinebrev.

**Lærlingar som ikkje kan dokumentere bestått teori eller ikkje sender søknad om unntak, vil ev. ikkje få utskrive fag-/sveinebrev. Jfr. forskrift til opplæringslova § 3-50.**

**Slik melder du opp til prøve i Vigo Bedrift**

1. Logg inn på [www.Vigobedrift.no](http://www.Vigobedrift.no)
2. Under Kontrakter, klikk på Aktive, finn rett kandidat
3. Trykk på Meld opp i kolonnen prøve, og du kjem direkte til oppmeldingsskjema. Eventuelt gå til menyen Prøve og trykk på linken Opprett prøve til høgre på linja.
4. Klikk på Opprett prøve og du kjem til Prøvedetaljer.
5. Legg inn manglande data og Lagre (Lagre knappen aktiviseres når endringar/data registrerast).
6. Når alle opplysninger er registrert kan prøveoppmeldingsdata sendast fylkeskommunen ved å klikke på Send inn som blir aktivert når data er lagra. Ved innsending settes dagens dato til oppmeldt dato.

Link til brukarretteiing VigoBedrift:

<http://www.vigoiks.no/content/download/246/986/file/VIGO%20Bedrift%20for%20bedrifter%20og%20opplæringskontor%20-%202018-1.pdf>

Søknad om særskilt tilrettelegging med sakkunnig uttale, sendast fagopplæringskontoret:

Hordaland fylkeskommune	Hordaland fylkeskommune
Fagopplæringskontoret	Avd. kontor Stord
Postboks 7900	Postboks 463
5020 Bergen	5403 Stord

Ved spørsmål ta kontakt med fagopplæringskontoret på e-post: [Fagopplaering@hfk.no](mailto:Fagopplaering@hfk.no)

Signe Sætre  
leiar

Irene Brynjulfsen  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*